



Os Senioruniversitet

Historia om Os Senioruniversitet

I januar 2025 kunne vi feire 15-års jubileum for Senioruniversitetet i Os. Fleire av dei som var med på å oppstarten var til stades denne dagen. Blant dei var Bodhild Aam Petersen som tok oss med tilbake til historia om korleis Os senioruniversitet vart oppretta. Her følgjer eit resyme av korleis dei kom i gang.

Tanken om eit Senioruniversitet sprang ut av «kaffepraten» mellom ein del damer som i 2009 trimma saman på senteret Sprek og Blid i Os. Fleire var nyleg blitt pensjonistar, og dei sakna mellom anna høvet til å få nye impulsar. Dei hadde høyrte om senioruniversitetet både i Bergen sentrum og på Nesttun, og då det ryktast at og Fusa hadde starta, var dei ikkje i tvil om at det måtte kunne gjerast i Os og!

Dei gjekk i gang, møttest på Biblioteket, fann reglar og statuttar på nettet, fekk med seg eit par menn i gruppa, hyrte Kløvertun som møtelokale og sette i gong verksemda. Det var viktig for dei å bruke nynorsk i alle lover, skriv og statuttar. Dei var opptekne av at styret skulle bestå av både «ekte» osingar og nyinnflyttarar og av både kvinner og menn.

Logo vart teikna av Harald Lyssand som og var med i det første styret. Åse Rokne var den første leiaren. Ho sto for leiinga i fire år.

Styret sytte kvart møte for å lage kaffi og te og kutta opp frukt til pausen. Og dei sytte for foredragshaldarar - ut frå lister dei fann på nettet. Dei måtte sikre at desse var frå nærområda. Berre ein kåsør kunne hentast inn langvegsfrå kvart semester, elles vart det for dyrt.

Senioruniversitetet vaks seg etter kvart ut frå Kløvertun og Olav Sjøfteland, som var leiar etter Rokne, fekk ordna avtale med leige av Oseana, der vi har møta våre i dag.

Det første styret:

Åse Rokne (leiar)

Liv Rogstad

Margit Lyssand Eide

Randi Lekven

Bodhild Aam Petersen

Harald Lyssand

Jostein Hausberg

Leiarar i perioden:

Åse Rokne 2010- 2013

Olav Sjøfteland 2014- 2017

Terje Sørensen 2018- 2022

Margrethe Håvarstein 2023- 2025

Redigert etter referat av Lill-Karin Wallem frå 13.01.25, og frå Bodhild Aam Petersen

M.Håvarstein



Os Senioruniversitet